

**VEDLEGG 3****Rapportering på finansporteføljen per. 31.august 2014**

Gjeldande finansreglement seier at fylkesrådmannen 3 gonger i året legg fram for fylkestinget rapport for finansforvaltninga. Rapporteringa skal skje i samband med tertialrapportering pr. 30. april, 31.august og ved utgangen av kvart år. Fylkesrådmannen legg no fram rapport om finansporteføljen per 31. august 2014.

Reglementet omhandlar tre ulike forvaltningstypar:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Når det gjeld langsiktige finansielle aktiva har ikkje finansreglementet plasseringsrammer for dette. Fylkesrådmannen har såleis ingenting å rapportere på denne forvaltningstypen.

Finansreglementet sitt punkt 6.4 og 7.7 gjev føringar for kva rapporteringa, som eit minimum, skal innehalde. Dei ulike elementa vert presentert i eit tabellverk. Fylkesrådmannen gjev i tillegg ei kort tekstleg omtale av føremålet med dei ulike elementa i tabellane.

**3.1 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål**

Følgjande tabell viser fylkesrådmannen si rapportering på forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål:

	31.08.2013		31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014	
	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%
Innskot hovudbank	216,3	25,8	292,2	29,9	233,6	24,0	252,9	30,5
Innskot i andre banker	623,4	74,2	684,1	70,1	636,4	65,0	476,2	57,4
Delar i pengemarknadsfond					100,0	11,0	100,0	12,1
<i>Samla kortsiktig likviditet</i>	<i>839,7</i>	<i>100 %</i>	<i>976,3</i>	<i>100%</i>	<i>970,0</i>	<i>100 %</i>	<i>829,1</i>	<i>100%</i>
Største enkeltbinding på plassering	Ingen		Ingen		Ingen		Ingen	
Avkastning i perioden	9,2 mill.		9,4 mill.		8,4 mill.		8,0 mill.	
Akkumulert i rekneskapsåret	18,8 mill.		28,2 mill.		8,4 mill.		16,4 mill.	
Avkastning benchmark (gj.sn. 3 mnd nominell Nibor/ST1X) i perioden	5,7 mill.		5,1 mill.		5,6 mill.		5,1 mill.	
Stadfesting på enkelteksponering ≤ 2 % av forvaltningskapital	OK		OK		OK		OK	
Stadfesting på at alle plasseringar er gjort med ≤ 20 % BIS-vekt	Ikkje aktuelt pt		Ikkje aktuelt pt		OK		OK	
Stadfesting på fondseksponering ≤ 5 % av forvaltningskapital	Ikkje aktuelt pt		Ikkje aktuelt pt		OK		OK	

I tillegg har fylkeskommunen om lag 35 mill. kr innestående på eigen bunden skattetrekkkonto.

Første del av tabellen viser samla kortsiktig likviditet fordelt etter plasseringsalternativ. Vi har funne det føremålstenleg å splitte bankinnskot i 2; hovudbank (banken vi har eigen bankavtale med) og andre bankinnskot.

Oppsettet viser at per 31.08.2014 er den kortsiktige likviditeten plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond. Plasseringa i bankinnskot og pengemarknadsfond er fordelt slik: 30,5 % i hovudbank, 57,4 % i andre bankar og 12,1 % i pengemarknadsfond. Innskota i andre bankar er i hovudssak i Danske Bank der konsesjonskraftinntektene vert innbetalt og i Sparebanken Vest.

Finansreglementet har ei avgrensing på at kvar enkeltbinding ikkje skal utgjere meir enn 100 mill. kr. Inneståande i pengemarknadsfond vert ikkje vurdert som ei binding då pengane kan vere tilgjengelig på kort tid. Per 31. august 2014 har ikkje fylkeskommunen bindingar på likviditeten.

I andre del av tabellen viser vi dei parameter finansreglementet pkt. 6.4 krev rapportering på. Tabellen gjev her ei samanlikning av eigne rentevilkår mot marknadsrenter, samt stadfesting på at fylkeskommunen sine plasseringar er innafor finansreglementet si ramme. Fylkesrådmannen har i si samanlikning med marknadsrenter for bankinnskot brukt gjennomsnittleg 3 mnd. Nibor som referanserente, samt nytta eit gjennomsnitt av samla kortsiktig likviditet i perioden som grunnlag for berekningane. For plasseringane i pengemarknadsfond er det nytta 3 mnd. statsobligasjonsindeks (ST1X) som referanserente.

Oppsettet viser at fylkeskommunen har fått 8,0 mill. kr i renteinntekter i rapporteringsperioden. Berekna renteinntekter med grunnlag i referanserenta i perioden er 5,1 mill. kr. Renteinntektene i perioden er noko høgare enn budsjettert, og dette er omtala i tertialrapport 2/14. Årsaka er i hovudssak betre avkastning på likviditeten samt noko høgare gjennomsnittslikviditet enn føresett i budsjettet. Det har ikkje vore stor skilnad på oppnådd avkastning mellom dei ulike plasseringsalternativa. Fylkeskommunen har fått relativt god avkastning i perioden, sett i lys av det låge rentenivået som har vore vedvarande over tid. Fylkesrådmannen er nøgd med ei meiravkastning på 2,9 mill. kr samanlikna med referanserenta.

Fylkesrådmannen har i rapporteringsperioden ikkje inngått nye rentebindingsavtalar og det er heller ikkje gjort nye plasseringar i fond. Fylkesrådmannen føretek fortløpande vurderingar av fylkeskommunen sin likviditet og eventuelle nye plasseringar/bindingar.

Oppsettet viser vidare at våre plasseringar/innskot er under 2 %/5 % av dei aktuelle bankane/fonda sin forvaltningskapital. Plasseringane i Pluss likviditet II og Danske Invest Norsk likviditet institusjon er i kategorien pengemarknadsfond med lav risiko og har ein BIS-vekt på under 20 %.

Ved førre rapportering vart det meldt at signala frå marknaden tyda på ei uendra styringsrente på 1,5% i 2014. Det er så langt ikkje gjort nokon justering av styringsrenta og Noregs Bank har berre gjort mindre justeringar i rentebana for dei komande åra. Neste rentemøte er 18. september. Det er vidare signal om låge renter framover, og det er spesielt svak økonomisk utvikling i Europa som påverkar renteforventningane.

Det er i perioden gjennomført anbodskonkurranse på ny hovudbankavtale. Kontrakten er enno ikkje signert, men ny hovudbank frå 03.11.2014 vert Sparebank 1 SMN.

Fylkeskommunen har ikkje hatt andre endringar, utover renterisiko, i si risikoeksponering i rapporteringsperioden.

### 3.2 Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler

Følgjande tabell viser fylkesrådmannen si rapportering på gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler:

	31.08.2013		31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014	
	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%
Lån med pt rente	284,2	14,8	199,2	9,2	192,4	8,9	165,5	7,9
Lån med NIBOR basert rente	352,7	18,4	829,5	38,2	827,8	38,4	810,6	38,7
Lån med fast rente								
Rentebytteavtaler	1278,8	66,5	1137,1	52,4	1133,6	52,5	1113,6	53,2
Finansiell leasing	6,5	0,3	5,2	0,2	5,2	0,2	5,2	0,2
<i>Samla langsiktig gjeld</i>	<i>1922,1</i>	<i>100%</i>	<i>2171,0</i>	<i>100%</i>	<i>2159,0</i>	<i>100%</i>	<i>2094,9</i>	<i>100%</i>
Rentekostnad i perioden (snittrente)	19,1 mill.		18,9 mill.		20,0 mill.		19,2 mill.	
Rentekostnad benchmark i perioden (gj.sn 3 mnd nominell Nibor)	11,2 mill.		11,5 mill.		12,2 mill.		12,5 mill.	
Betalte renter i året	26,6 mill.		58,2 mill.		9,9 mill.		32,4 mill.	
Tal lån	20		19		18		17	
Største enkeltlån	NOK 483,6 mill.		NOK 483,6 mill.		NOK 483,6 mill.		NOK 483,6 mill.	

Første del av tabellen viser samla gjeldsportefølje fordelt på ulike rentevilkår/-avtaler.

Oppsettet viser at per 31.08.2014 hadde fylkeskommunen ein gjeldsportefølje på omlag 2,1 milliardar kr. Oppsettet viser vidare at 46,6 % er på flytande vilkår og 53,4 % er på faste vilkår/avtaler om rentebytte.

Finansreglementet gjev minimumsrammer for plassering på flytande og faste vilkår på 1/3 kvar av porteføljane. Siste 1/3 skal vurderast ut frå marknadssituasjon. Oppsettet viser at dagens portefølje er innafør minimumsrammene i reglementet. Fordelinga mellom lån på flytande og faste vilkår har berre vorte minimalt endra i denne rapporteringsperioden. Fylkesrådmannen vurderer behovet for nye rentesikringar opp i mot det låge nivået på flytande renter fortløpande.

Andre del av tabellen viser:

- ei samanlikning av eigne rentevilkår (snittrente) mot marknadsvilkår i rapporteringsperioden
- kor mykje fylkeskommunen har betalt i renter i perioden og i løpet av året.
- kor mange lån, samt størrelsen på det største lånet i porteføljen.

Eit gjennomsnitt av låneporteføljen i perioden er nytta som grunnlag for berekningane. Fylkesrådmannen har i si samanlikning med marknadsrenter brukt gjennomsnittleg 3 mnd Nibor som referanserente.

Oppsettet viser at rentebelastninga i rapporteringsperioden utgjer 19,2 mill. kr. Samanlikna med referanserenta har vi ein meirkostnad på 6,7 mill. kr i perioden. Oppsettet viser vidare at fylkeskommunen har betalt 32,4 mill. kr i renter hittil i år.

Meirkostnaden i høve referanserenta (flytande vilkår) er forsikringspremien fylkeskommunen betalar for å redusere risikoen i høve renteendringar på kort og mellomlang sikt. I tillegg har bankane ein margin på sine utlån utoverreferanserenta. Marginane har auka det siste året og skuldast i hovudsak bankane sitt krav om oppbygging av eigenkapital.

Snittrenta for heile porteføljen er berekna til 2,71 %. Dette er 0,95 %-poeng høgare enn referanserenta som er berekna til 1,76 %. Dette skuldast at nokre av dei eldste rentebindingane er

dyre sett i høve til det historisk låge rentenivået vi no har. Ved kontraktsinngåinga vart desse rentebindingane vurdert som fordelaktige for fylkeskommunen. Den auka marginen spesielt på serielån i Kommunalbanken gjev også eit høgare rentenivå samanlikna med 3 mnd Nibor. Meirkostnaden i høve referanserenta er teke høgde for i budsjettet.

Fylkesrådmannen meiner at likviditetsforvaltninga og låneforvaltninga sett under eitt gjev eit tilfredsstillande resultat. Fylkesrådmannen er forplikta til å ta opp vedteke lån i løpet av året. Tidspunkt for låneopptak vert til ei kvar tid vurdert mot tilgjengeleg ledig likviditet samt at det vert gjort vurderingar knytt til differansen mellom låne- og innskotsrenta.

Fylkeskommunen har 17 enkeltlån der det største lånet er på 483,6 mill. kr. I tillegg kjem leigeavtalen mellom Nes Eigedom ANS og fylkeskommunen om undervisningsbygg på Hafslo som rekneskapsmessig vert definert som ein finansiell leasingavtale. I samband med forskotering har også fylkeskommunen gjeld til kommunar på samla 129,3 mill. kr. Denne langsiktige gjelda er ikkje ein del av den ordinære gjeldsforvaltninga til fylkeskommunen og er såleis ikkje ein del av fylkesrådmannen sin rapportering.

Det er ikkje teke opp nye lån i rapporteringsperioden. Eit lån er innfridd og to sertifikatlån er rullert. Det er inngått ein ny rentebytteavtale med starttidspunkt i desember 2014. Rentebytteavtalen er knytt opp mot eit lån der eksisterande rentebytteavtale går ut på same tid. Det er ikkje inngått avtalar ved bruk av andre finansielle instrument som til dømes framtidige renteavtalar (FRA), renteopsjonar eller finansiell leasing i rapporteringsperioden.

Fylkeskommunen har per 31.08.2014 berre rentebytteavtalar (renteswap) som rentesikring. Ein kort definisjon av ein rentebytteavtale er at dette er ein avtale mellom bank og kunde om bytte av framtidige renteutbetalingar. Som hovudregel vil den eine parten betale fast rente i heile perioden, medan den andre parten betalar flytande Nibor rente. I gjeldande rentebytteavtalar er det fylkeskommunen som betalar fast rente medan banken betalar flytande Nibor rente.

Gjennomsnittleg løpetid for låneporteføljen er 10,9 år. Vekta attståande rentebindingstid på låneporteføljen er berekna til 3,1 år. Dette er innafor finansreglementet sitt intervall på 1-5 år.

Fylkeskommunen sin låneportefølje har i rapporteringsperioden vore om lag 2,1 mrd. kr. Det er såleis eit stort beløp som er eksponert for mellom anna renterisiko. Fylkesrådmannen har hatt som målsetting å ha ein høg del av låneporteføljen på fastrentevilkår når det er forventning om stigande rentenivå. Dei svake økonomiske utsiktene i Europa framover gjer at marknaden trur på låge renter dei komande åra. På lengre sikt må ein likevel kunne forvente at rentene skal opp på eit historisk sett normalt nivå. Det er difor inngått ein ny rentebinding i perioden som sikrar fast rente på ein mindre del av gjeldsporteføljen 7 år fram i tid. Rentebindingar både på kort og lengre sikt vert vurdert fortløpande. I rapporteringsperioden har det vore lite endring i risikoeksponeringa på lånegjelda på kort sikt. Fylkesrådmannen vurderer risikoen for ein renteoppgang på finansporteføljen samla sett som handterbar. Omlag halvparten av porteføljen er finansiert i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Dette medfører at fylkeskommunen er utsett for ein viss refinansieringsrisiko.

Fylkesrådmannen skal i løpet av 2014 ta opp lån i høve budsjettet låneopptak. Marknaden forventar ikkje store endringar i rentenivået i 2014, og styringsrenta til Noregs Bank er framleis på 1,5 %. Fylkesrådmannen trur fylkeskommunen vil få konkurransedyktige vilkår på føreståande finansieringsbehov, og at dette kan gjerast innafor gjeldande budsjetttrammer.

### **3.3 Risikovurdering**

I finansreglementet punkt 10.2 står det at det skal gjerast ei risikovurdering i høve renterisikoen ved ei generell endring i renta på 1 % -poeng.

Berekninga viser at med gjeldande portefølje per 31.08.2014 vil fylkeskommunen få eit tap på 1,5 mill. kr ved ein renteoppgang på 1 %. Den flytande delen av gjeldsporteføljen, er litt større enn

den rentebærande likviditeten. I følge berekninga vil ei endring i renta få forholdsvis liten innverknad på økonomien i fylkeskommunen på kort sikt.

Dette er ei teoretisk uttrekning. I praksis vil det faktiske rentenivået på likviditeten ikkje vere så volatil som rentenivået på flytande lån. Dette har samband med at lånevilkåra er direkte knytt mot endringar i Nibor-renta.

Når ein tek omsyn til storleiken på finansporteføljen vil fylkesrådmannen likevel konkludere med at risikoeksponeringa per 31.08.2014 er innafør eit akseptabelt nivå.

### **3.4 Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen har ovanfor lagt fram sin rapport på finansporteføljen per 31.08.2014. Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget tek rapporten til orientering.